

## **Høyringsuttale frå Gand sokneråd.**

### **Gand sokneråd støttar ein modell med rein valordning for utpeiking av biskop.**

Gand sokneråd meiner at den beste valordninga er den som peikar ut ein biskop som sokna, prestane og tilsette med røysterett i bispedømmet ynskjer (modifisert modell 3)).

Denne valordninga:

- Tek § 2 i Kyrkjelova på alvor: ”Soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kirke og kan ikke løses fra denne”.
- Demokratisk, og i samsvar med ordningane i europeiske og nordiske kyrkjer.
- Brei nominasjon og kvalifisert vurdering av kandidatar blir ivaretatt i nominasjonsprosessen av bispedømmerådet.
- Dei fire hovudelementa i bispetenesta er ivaretatt (s. 6 i høyringsnotatet).
- Einskap i sokn og bispedømme blir best ivaretatt, og blir ikkje svekka i Den norske kyrkje.
- I samsvar med tidlegare kyrkjemøte sitt syn.

Dersom ei valordning med røysterett berre i bispedømmet som Gand sokneråd primært går for, ikkje blir realisert, støttar Gand sokneråd sekundært ei valordning gjort greie for i modell 3.

Preses er primært leiande biskop og leiar bispemøtet. Ho/han har også Nidaros domprosti som sitt tilsynsområde, etter gjeldande reglar. Gand sokneråd meiner at preses sin nasjonale rolle er den viktige, og derfor skal ikkje sokneråd og tilsette i Nidaros domprosti røysta. Gand sokneråd meiner også at bispemøtet bør med ved det endelege valet og ikkje berre ved nominasjon.